

Fjellstrand AS byggjer båtar på



Nyskapnad: Verdas fyrste båtar av typen Wind server tek form i sveisehallen.



På ingeniørjakt: Olav Bru vonar at verftet skal greia å lokka heim utflytta ingeniørar.

Maurtue: Supplybåten med det store dekket skal døypast fredag. Verftsarbeidarane arbeider på spreng for å verta ferdige.

Aldri har ordreboka til Fjellstrand AS på Oma vore meir velfylt. Verftet sysselset for tida 350 personar.

ÅSMUND SOLDAL

Ordreservar på meir enn ein milliard kroner er garanti for at verftsområdet til Fjellstrand AS vert ein travel arbeidsplass, i fyrste omgang fram til hausten 2014. I år vert omsetnaden om lag på ein halv milliard kroner.

Verksemda skal levera alt frå heissjakter om bord i oljeriggar til store offshorefartøy og ein heilt ny fartøytype til vindkraftindustrien. Dei største prosjekta kostar 300–400 millionar kroner.

– Tidlegare farta seljarane våre land og strand rundt for å skaffa kjøparar. No ser det ut til at tendensen har snudd. Kundane vender seg stadig oftare direkte til oss, seier forprosjektsjef Olav Bru.

I dag har Fjellstrand om lag 350 personar i arbeid. 75 er fast tilsette

på verftet. Resten er leigde arbeidarar og tilsette hjå underleverandørar.

Byggjer allslags skip

Bru opplyser at verftet skal levera eit offshorefartøy som skal døypast fredag. Samstundes er Fjellstrand godt i gang med eit stort spesialfartøy for Swire seabed AS, pluss seks båtar av typen Wind server til et dansk reiarlag. Deretter skal landets fyrste elektriske bilferje byggjast. Den 80 meter

lange aluminiumsferja skal vera klar til innsats på strekkja Oppedal–Lavik hausten 2014.

Fjellstrand er frittstående, og byggjer offshorefartøy med fleire designar, til dømes frå Wärtsilä Noreg AS eller frå Ulstein-gruppa. I tillegg utviklar verftet egne designa fartøy, til dømes Wind server og batteriferja.

– Er i særklasse

– Utvikling av egne fartøytypar og designar gjer Fjellstrand spe-

siell. Eg kjenner ikkje til at andre små verft her i landet kan ta på seg alle oppgåver frå idéstadiet til ferdig båt, seier prosjektutviklingsjef Edmund Tolo.

Skroga til offshorefartøya vert bygde der stålarbeid er billegast og best i Europa. Fjellstrand gjer resten av både stål- og aluminiumsarbeid, maskininstallasjon og innreiing, fortel Bru.

– Med utrustning av to offshorefartøy i året utnyttar ein kapasiteten fullt ut, opplyser han.

samleband



Fyrst ute med vindmøllebåt

Fjellstrand vonar Wind server vert ein suksess. Storbritannias satsing på vindmølleparkar til havs vil uansett vera ein kjempestor marknad for sørvisfartøy. Landet skal investera ti milliardar pund i vindkraftanlegg til havs før 2020, fortel prosjektutviklar Olav Kjetil Opheim.

Han er mannen bak sørvisbåten med tre skrog. Wind server er konstruert for å frakta vedlike-

haldsmannskap og -materiell til vindkraftanlegga i Nordsjøen og Den engelske kanal. Testar i prøvetank har prova at fjellstrandmodellen er svært stabil i høg sjø. Då den britiske organisasjonen Carbon trust i fjor vurderte 450 konsept for sørvisbåtar, var Wind server 1 av 13 som vart vurderte som brukande. Fjellstrand skal vera den einaste av "finalistane" som har fått bestilling av sørvisbåtar.

Enkelt og greitt

– Den største utfordringa var å utforma ein båt som er så roleg i dårleg vær at vedlikehaldspersonellet kan koma seg trygt inn i vindmøllene. Alle testar tyder på at me har funne ei løysing som fungerer godt, seier Opheim.

Den store veksten i vindkraftindustrien vil resultera i ein kjempestor etterspurnad etter sørvisbåtar, spår han. Opheim meiner ei enkel løysing er den største skilna-

den på Wind server og dei andre modellane som gjekk vidare.

Edmund Tolo er like optimistisk på vegner av batteriferja. Han har funne ut at om lag sytti ferjestrekkjer i landet høver for denne båttypen.

soldal@hf.no

Kamp om ingeniørar



ÅSMUND SOLDAL

Olav Kjetil Opheim (33, biletet) er prototypen på ynsketilflyttaren i Hardanger.

Den unge mannen frå Odda har vore utanbygds og skaffa seg ingeniørutdanning og arbeidsrøynsle. Så har han flytta attende, rettnok til Norheimsund, og fått ein utfordrande jobb i den teknologiske elitedivisjonen.

– Tidlegare sleit me med å få tak i nok sveisarar. Det har ordna seg. No er me på jakt etter ingeniørar, seier forprosjektsjef Olav Bru.

Han fortel at ein del medarbeidarar som i dei trongaste tidene mista jobben, har byrja koma attende til Fjellstrand. Bru seier at verftet konkurrerer med oljeindustrien om høgkompetent arbeidskraft. Forprosjektsjefen er på utrøyttelig jakt etter fagfolk, særleg senioringeniørar og prosjektlearar.

– Fjellstrand er ein kjekk arbeidsplass som gjev store faglege utfordringar. Me har høg ingeniørkompetanse i alle avdelingar, fortel Opheim.

Han synest det er ekstra interessant at verftet lukkast med å utvikla eigne produkt. Opheim og kollegaene nyttar ei rekkje to- og tredimensjonale dataareiskapar som set dei i stand til å rekna ut alt som er viktig for båtane. Oddingen hevdar Fjellstrand er mellom dei flinkaste til å nytta aluminium i fartøy.

– Metallet er lett, sterkt og rustar ikkje. Dette har oljeindustrien oppdaga. Me får stadig oppdrag som gjer at me kan bruka aluminiumskompetansen vår på oljeinstallasjonar, seier Opheim.

soldal@hf.no